



Styrets årsmelding for år 2010

Datert 11 . mars 2011

Styrets sak 07 -2011

Del I:

Årsmelding

Del II:

Årsrekneskap 2010, balanse 31.12.10

Budsjett 2011

Økonomiplan 2011 – 2014

Del III:

Revisjonsmelding

Postadresse SUM IKS, Boks 349 6802 Førde	Besøksadresse Einestølen Førde	Telefon 57 72 41 50 Telefaks 57 72 41 59	Bankkonto 3760 10 20069 Postgirokonto	Organisasjonsnr. NO 970.921.915 mva WEB www.sum.sf.no
---	---	---	---	---

Interkomm. renovasjon: Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal

E:\Årsmeldingar 2010\Styrets årsmelding for 2010\2010.03.11 styrets årsmelding for 2010.docx

Del I Årsmelding.....	4
1. Utviklinga i SUM 1993 – 2009, oppsummering	4
Investeringane opp gjennom åra i grove trekk.....	6
2. Driftsløyve, forurensingslova	7
3. Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM.	7
Frå Selskapsavtalen:.....	7
Representantskapet m. personleg vara perioden 2008-2012:.....	8
Styremedlemmer m. personlege varamedlemmer, perioden 2008 - 2012	8
Klageutvalet 2008-2012:.....	9
4. Avtaler mellom eigarane og SUM.....	9
Kommunale forskrifter.....	9
SUMs oppdrag på vegne av eigarkommunane:	9
Driftsavtaler gjenvinningsstasjonar 2010 – og vidare.....	9
5. Avfallsbeholdarar etter opteljing / gjennomgang	10
6. Førebyggjande tiltak, unormale hendingar, særlege problem. Fylkesmannens kontrollar. Klager.	
Mv. 10	
RenoNordens samlerapport for 2010, feil frå dunkbrucar i høve forskrift:.....	11
Oversikt over dunkar som urettmessig ikkje har vorte tømde, og der reserveløysing som renovatøren er ansvarleg for har vorte nytta:	11
7. Kontrakter 2008 – 2013 (-2014-2015).....	12
8. Utvikling dei neste åra	13
9. Utfordringar og løysing	13
Nokre avfallsfraksjonar vert følgd nøye opp:	13
Plast.....	13
Frå Avfall Norge-seminar februar 2011, framført at Tord Tjeldflaat, IVAR:	14
Matavfall - utråtning	15
Gips.....	15
10. Anlegg og bygningar, utstyr-maskiner	16
Administrasjonsbygg	16
Diverse takoverbygg	16
Tidlegare bygt:.....	16
Rensing av sigevatn.	16
Utviding deponi; Vanskeleg å tidfeste, ”om nokre år”.	16
Gjenvinningsstasjonar, oppgradert.....	16
Påverknad ytre miljø – utsjånad, lukt mv	17
Returpunkt (emballasjeglase og små metallboksar samt hytte-containerar)	17
11. Mogleg overvaking	17
12. Mannskap.....	18
13. SUM ønskjer samarbeid og kan tilby løysingar når andre avfallsaktørar har behov for det	18
14. Informasjon – internettside. Ekstra SUM-sekk som naudløysing	18
15. Opplæring - kompetanseheving.....	18
16. Styrets vurdering – oppsummering.....	19
Statistikkane; SUM har god innsamling av farleg avfall frå hushaldning, i 2010 6,5 kg/innbyggjar ..	19
Vestlandet: Farleg avfall frå hushaldning 2009	19
Styret viser til Forurensingslova § 2 og retningslinjene for avfallsarbeidet:	20
Styrets punktoppsummering:	21
17. Statistikk	22
Deponert (Hesjedalen) frå opning 01.06.97, tonn.....	22
Farleg avfall-container, PCB-vindu, batteri og CCA-impregnert. Tonn. År 2010; 6,5 kg/innbyggjar.	22
Emballasjeglase og små metallboksar. Tonn	22
Papir: Innsamla i SUM kommunane. Tonn	23
Restavfall renovasjonsbilane innsamla av Retura Vest/RenoNorden. Tonn	23
Utveging energigjenvinningsvarer, tonn.....	23
Tonnasje og antal vegingar innom SUM-vekta.	24
Innsamla hushaldningsavfall i SUM kommunane	24

Gjenvinningsprosent / husholdningsavfall levert gjenvinningsanlegg > 99%	24
Del II.....	25
Årsrekneskap 2010, balanse 31.12.10, økonomiplan 2011-2014	25
Balanse 31.12.2010 med notar	28
Note 1 Finansielle anleggsmiddel	29
Note 2 Maskiner og utstyr.....	29
Note 3 Eigedom og anlegg.....	29
Note 4 sjølvkostfond og fri egenkapital, avsetjing og bruk.....	29
Note 5 Anna egenkapital.....	30
Note 6 Avsett til etterdriftsfond	30
Note 7 Avsett til AFP:.....	30
Note 8 Påløpte kostnader.	30
Budsjett 2011	30
Kommentarar til budsjett 2011	31
Økonomiplan 2011-2014	32
Revidert investeringsbudsjett:.....	33
Del III Revisjonsmelding.....	35

Del I Årsmelding

1. Utviklinga i SUM 1993 – 2009, oppsummering

1993:

SUM vart skipa i mai 1993.

1994:

SUM i praktisk drift

1995:

Bygging av Hesjedalen avfallsplass i gang på hausten.

1996:

Bygging av ny gjenvinningsstasjon på Skei i Jølster. Bygging av Hesjedalen avfallsplass heldt fram

1997:

Hesjedalen avfallsplass og adm.bygg /driftsbygg ferdig.

1998:

Bygging av anlegg for matavfallkompostering endeleg vurdert og lagt bort.

1999:

Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon på Sande i Gaular
Prøve-kompostering av slam blanda med knust treverk kom i gang

2000:

Saman med Jordforsk; Vurdering av metannedbrytande deponidekke.
Alt kloakkslam frå SUM-kommunane vart kompostert på toppen av fyllinga.
Frå haustparten vart deponiet utvida

2001:

Meldingane om dyresjukdommar i Europa: ku-galskap samt munn- og klauv-sykje
BIR (Bergen) bygde sitt forbrenningsanlegg med kapasitet ca. 110.000 årstonn
Deponiutvidinga vart avslutta på vårparten

2002:

I EU-systemet vart det grundig drøfta kva tiltak som ville vere aktuelle for å hindre smittespreiing, jamfør dyresjukdommane i 2001.
Etter kvart tyda mykje på at det ville bli stilt krav til varmebehandling av alt matavfall og komposten frå komposteringsanlegga.
Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon i Fjaler

2003

SUM gjekk ut i EØS-området med forespørsel om bygging av gassanlegg.
SUM gjekk også ut på med ”hurtigforspørsel” for å sikre at matavfallet kunne takast ut av fyllinga til 01.12.03.
Fristen vart overhalden: Alt restavfall vart sendt til Nordmøre energigjenvinning, avfallet nytta som energi i fiskefor-
produksjon
Retura Fjordane AS vart skipa med SUM som eineeigar.

2004:

Gassanlegget stod ferdig innan fristen 01.06.04. Problemet med anlegget heile tida etterpå.
Forespørsel på handtering av SUMs restavfall frå hushaldning 2005-2006-2007.

1.juli 2004 vart Forurensingsloven endra; FORBRUKSAVFALL gikk ut, ny nemning vart HUSHALDNINGSAVFALL. Ca 30% av tidlegare monopolvare gikk inn i den nye nemninga NÆRINGS-AVFALL som tok over for PRODUKSJONSAVFALL.

REKOM vann anbodskonkurransen på forbrenning med energigjenvinning.

2005

Starta planlegging av sorterings- og omlastingshall.

SUM valde å tilby Sunde Gjenvinning AS og SAR AS aksjar i Retura Fjordane, dei to selskapa kjøpte seg inn.

SUM søkte om nytt driftsløyve, svaret kom i 2008

2006

Omlastings- og sorteringshallen på anbodsrunde, hallen vart bygt og teken i bruk seint på hausten. Utvendig flate for metallskrap vart opparbeidd

SAR AS vann kontrakten på inntransporten frå gjenvinningsstasjonane, returpunkta og farleg avfall.

Olav Tenden Transport AS (Stryn) vann transport- og sorteringskontrakten på papir.

Ny gjenvinningsstasjon i Staurdalen i Hyllestad; Den første stasjonen for ”krokluft” (store 41 m³ containerar)

2007

Anbodsrunde på slam og dunkrenovasjon.

I Staurdalen – Hyllestad vart det innført løysing der også betalingsavfall kan leverast.

2008

Retura Fjordane AS avvikla

Fylkesmannen; nytt driftsløyve i mars månad, ref søknad år 2005

Anbodsokumentasjon på bygging av gjenvinningsstasjon i Askvoll. Bygginga starta

Anbodmateriale på opparbeiding av ny slamkomposteringsplass Einestølen under arbeid.

2009

Ny gjenvinningsstasjonen i Askvoll vart sett i drift til glede for innbyggjarane i kommunen.

Initiativ til bygging av nye stasjonar i Jølster, Fjaler og Gaular, mellom anna gjennom møte med kommuneleiinga.

I **Fjaler** er grunnlaget inne i araldel kommuneplan – område i Flekke. Fjaler kommune utarbeider reg.plan

I **Gaular** er det planlagt å bruke eksisterande plassering, arealet må uvidast ein del

I **Jølster** har plassering eit lite stykke frå noverande stasjon vore drøfta, tankar om andre plasseringar har vore oppe.

Det ser ut til at det nærmar seg løysing med plassering i ikkje utbygt industriområde

2010

Ny gjenvinningsstasjon i Gaular vart bygt på haustparten, og kom i drift i desember – asfaltering vert gjort i 2011.

Også Gaular har no betalingsløysing.

Det vart også bygt ny stasjon i Jølster. På grunn av streng kulde mot nyttår, vart det valt å utsetje avslutningsarbeida og opninga til 2011 – den gamle stasjonen vart brukt.

Alt brennbart avfall gikk frå våren 2010 til energigjenvinning, svært lite vert deponert. Avtalene kom på plass etter felles anbodsrunde i ”vestlandssamarbeidet”.

Det viste seg at den nye kverna måtte brukast relativt mykje for å auke eigenvekta på avfallet; Alteranativet er å kjøre med liten tonnasje og høgare transportprisar – det er gjort utrekningar på det økonomiske balansepunktet mellom kverning og lettare lass.

Det vart skriva ny materialgjenvinningsavtale på papp-papir. For første gong oppnådde vi positive prisar på knappe kr 300/tonn. Tonnprisen vart forbetra med rundt kr 500/t (frå minus til godt pluss).

Fjaler kommune jobba godt for å klarere arealspørsmålet for ny stasjon i Kjørlevika. Det vart utlagt reguleringsplanframlegg i slutten av året.

SUM har fått inn for mykje treverk i høve slammengder. Dermed gikk vi ei anbodsrunde på avhending av treverk, og skreiv avtale på 1000-1500 tonn som går til energiverk. For å dekke den auka kostnaden, måtte ”inn-prisen” aukast med kr 200/t til kr 600/t + mva.

Anleggsarbeid – utbyggingar, Einestølen-området

Utbygging av adm.bygget er i gang. Vi har også byggemeldt overbyggings-konstruksjonar med sikte på betre miljømessig mellomlagring av fleire fraksjonar, til dømes ee-avfall, diverse farleg avfall (PCB-ruter, batteri mv). Også bygningsgips må under tak i påvente av bortkjøring.

I budsjettarbeidet la vi opp til å bygge tak over vekta i 2012. Vi har likevel valt å bestille prosjektering av fundamenta slik at vi slepp å grave på nytt om nokre månader. Med erfaring frå hard vinter og oppfrysing i sjølve vektgruba (regn som renn ned i og frys) er det ønskjeleg å få på plass overbygget i 2011.

Anlegg for sigevassbehandling er bygt

Det vert teke prøver for å få erfaring med rensinga. Prøvene vert kobla mot dei ordinære vassprøvene, og mot resipientgranskinga av Førdefjorden som ligg i 2011-programmet. Sjå meir om desse aktivitetane i kapittel 10

Investeringane opp gjennom åra i grove trekk

Tekst	År	Mill. kroner
Overtaking av frå ISR inkl. Løkingssmyra avfallsplass	1994	9
Dunkar og containerar	1994	10
Bygging veg til Einestølen	1996	17
Diverse grunnkjøp	1996	2
Bygging Hesjedalen avfallsplass	1997	20
Bygging Einestølen gjenvinningsstasjon m. adm.bygg	1997	7
Etablering og Bygging gjenvinningsstasjonar (frå 1996)	Frå 1996	6
Utviding Hesjedalen avfallsplass	2001	6
Maskiner	1994 - 2007	5
Gassanlegg og omlastingsbås	2004	2
Omlastingshall	2006	6
Bygging gjenvinningstasjon i Hyllestad Diverse utstyr, m.a. containerkjøp	2007	3
Start-arbeid Einestølen etter nytt løyve. Start ny gjenv. st. Askvoll. Utsifting hyttecont.	2008	3
Ferdigstilling ny gjenvinningsstasjon Askvoll	2009	1
Opparbeiding komposteringsflate og slambingar, arrondering lagerplass syd omlastingshall, start opparbeiding sorteringsflate vest metallskraptomt	2009	3
Renseanlegg sigevatn, div sprengingsarbeid (sikring), oppknusing steinmassar, opparbeiding sorteringsflate v. metallskrap:	2010	1,5
TANA kvern for avfall og treverk	2010	2,7
Bygging gjenvinningsstasjon Gaular, asfalt gjenstår til 2011		2,6
bygging stasjon Jølster (tomt inkl.). Ca 90% byggekost på 2010 (avslutningsarbeid gjenstår til 2011)	2010	2
Diverse container- og utstyrskjøp	2010	1
<u>Samla investering pr jan 2011</u>		<u>Ca 110 mill. kroner</u>

2. Driftsløyve, forurensingslova

Fylkesmannens løyve av mars 2008 / justert sept 2008 oppgir dette heimelsgrunnlaget, avskrift:

Løyvet er gitt i medhald av Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, §§ 11 og 29, jf. § 16, jf. forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 9 og forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) kap. 36.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 11.7.05 samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkåra som er gjevne i dette dokumentet.

SUM har løyve til drifting av anlegget på Einestølen inkludert fyllinga Hesjedalen Avfallplass

Fylkesmannen gjennomførte i 2010 kontrollar, nokre avvik vart registrert. Desse er lukka eller vil bli lukka i medhald av korrespondanse med Fylkesmannen.

Kommunane vart kontrollert med omsyn tilstrekkelegheit i høve mottaksordningar for farleg avfall. Fylkesmannen hadde ein del merknader, som kommunane tek stilling til. SUM har valt å følge opp det juridiske i høve Fylkesmannens skriv gjennom at advokat Hanne S. Torkelsen i KS Bedrift har utarbeidd eit juridisk notat som er sendt til alle eigarkommunane.

3. Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM.

Frå Selskapsavtalen:

§1 Selskapets firma og deltakarane

Selskapets firma er Sunnfjord Miljøverk IKS.

Dei deltakande kommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap. Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

§2 Formålet med selskapet er:

Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.

Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning

Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg

Selskapet kan delta i, - til dømes ved aksjekjøp – og / eller opprette sjølvstendige selskap - til dømes aksjeselskap - som skal ivareta spesielle oppgåver som har samanheng med drifta.

Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenlege drift i alle ledd i avfallsbehandlinga og reduksjon av avfallsmengda.

Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

§3 Selskapsleing

Selskapet vert leia av eit representantskap og eit styre. Representantskapet er selskapet sitt øverste organ. Medlemmene i representantskapet med personlege varamedlemmer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

Medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

§ 4 Representantskapet

§4.1 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune har ein representant pr. 2.500 innbyggjarar. Minimumstalet på representantar frå ein kommune skal likevel vere 2 representantar uansett innbyggartal

Ein får følgjande medlemstal i høve til folketalet:

Folketal		Medl. i repr.skap
0	- 2500	2
2500	- 5000	2
5000	- 7500	3
7500	- 10000	4
10000	- 12500	5
12500	- 15000	6
15000	- 17500	7
17500	- 20000	8

Og så vidare etter same mønster

Utgangspunktet er folketalet i kommuneval-år, med basis i folketalet pr. 1.1.2004.

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gang 01.01.2008 og ved opptak av nye medlemskommunar eller ved endringar i eigarkommunane.

Folketalet og prosentdelinga er slik pr.01.01.2008 (Kjelde Statistisk Sentralbyrå m.o.t. folketal):

Kommune	Folketal	Fordeling	Medl.repr.skap
	01.01.08	%	
1413 Hyllestad	1 505	5,49	2
1428 Askvoll	3 065	11,18	2
1429 Fjaler	2 849	10,39	2
1430 Gaular	2 748	10,02	2
1431 Jølster	2 929	10,68	2
1432 Førde	11 650	42,50	5
1433 Naustdal	2 668	9,73	2
	27 414	100,00	17

§6 Styret

§ 6.1.1 Styret skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

Folketal	Medl.i styret
0	1
10000	2
15000	3
20000	4

Styremedlemmene skal ha personlege varamedlemmer.

Representantskapet m. personleg vara perioden 2008-2012:

	Faste	Personleg vara
Kommune	Namn	Namn
FØRDE	Gjerland Nils, leiar til 2012	Ringstad Reidun Fattnes
FØRDE	Kirketeig Jorunn Kjersti Eide	Lyngstad Terje
FØRDE	Halvorsen Eva Marie	Råheim Roy Inge
FØRDE	Nøringset Norvall	Igland Stig
FØRDE	Taule Jan	Myklebust Åse
GAULAR	Følling Jenny, nestleiar til 2012	Skudal Eldrid
GAULAR	Kårstad Jonny	Aarnes Joar
JØLSTER	Kapstad Judith	Høyvik Audun
JØLSTER	Sæle Ragnhild	Flaten Jan Ove
FJALER	Kvamme Mette	Lammetun Norodd
FJALER	Vik Harald	Naustdal Ainor Fristad
ASKVOLL	Osland Onar	Klausen Marit
ASKVOLL	Landøy Linda	Aalen Oddbjørn
HYLLESTAD	Dale Svein Reidar	Dale Yvonne
HYLLESTAD	Systad Ivar	Eiken Anne Karin
NAUSTDAL	Birkeland Annlaug	Folkestad Arne Kjell
NAUSTDAL	Einevoll Are	Klopstad Kjell

Styremedlemmer m. personlege varamedlemmer, perioden 2008 - 2012

Kommune	Fast medlem	Personleg vara
Askvoll	Steinsland Aud Kari	Melvær Frida
Førde	Vallestad Turid	Bengtsson Anna Elfrida
Førde	Haugsvær Bjørn-Harald	Hatlem Turid
Hyllestad	Soltveit Amund	Tønning Atle
Gaular	Lunde Henrik, leiar til 2012	Horsevik Arild
Fjaler	Hjelle Erling	Østrem Liv
Jølster	Dvergsdal Gerd, nestleiar til 2012	Sandal Jakob Andre
Naustdal	Kvame Harald	Grimseth Stian

Det vart halde 4 styremøte i 2010

Klageutvalet 2008-2012:

Kommunane valde hausten 2007 klageutval for neste periode:

Kommune	Utvalsmedlem fast	Personleg vara
HYLLESTAD	SYSTADDAL UNNI	ATTERÅS HEIDI
FØRDE	LANDRO SIW	HAUG KARL ØYSTEIN
FØRDE	HEGRENES NORVALD	GAUSTAD BENTE
GAULAR	LUNDE SVEINUNG	SOLHEIM HARALD
JØLSTER	GJESDAL SVERRE	STØYLEN JANNE KARIN
FJALER	LAMMETUN NORODD	KVANGARSNES HOGNE
ASKVOLL	ERIKSTAD JOSTEIN	KLAUSEN OLE ANDRE
NAUSTDAL	THINGNES OLE ERIK	LEIKANGER VIGGO

Utvalet konstituerte seg på møte 8. februar 2008, og valde:

Leiar Jostein Erikstad

Nestleiar Siw Landro

I 2010 var der ikkje klagesaker til behandling i utvalet.

4. Avtaler mellom eigarane og SUM

Kommunale forskrifter

Eigarkommunane har likelydande forskrift for renovasjon og slam.

Gebyrfastsetjinga var i 2010 som i alle tidlegare år lik i alle eigarkommunane; Eit viktig element i samarbeidet med omsyn til å fordele kostnadene likt på innbygarane uavhengig av busetnad.

SUMs oppdrag på vegne av eigarkommunane:

- Gjennomføre all innsamling av hushaldningsavfall i kommunane, ref Forurensningsloven §30, jamfør §34, enten sjølv eller gjennom avtaler med aktuelle entreprenørar.
- Syte for at alle abonnentane har det utstyret som skal til for å gjennomføre kjeldesortering og innsamling i henteordningar
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på returpunkt, til dømes utplasserte containerar for emballasjeglase og hytteavfall. Avfallsinnsamling frå desse punkta enten sjølv eller gjennom avtaler
- Bygge ut og drifte gjenvinningsstasjonane enten sjølv eller gjennom avtaler
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på gjenvinningsstasjonane, til dømes utplasserte containerar for farleg avfall, restavfall, treverk metallskrap. Etablere og drifte ”returpunkt!” for emballasjeglase og hytteavfall.
- Hente alt rettmessig levert avfall frå gjenvinningsstasjonane og returpunkta og sikre korrekt gjenvinning og/eller sluttbehandling, enten sjølv eller gjennom avtaler

Driftsavtaler gjenvinningsstasjonar 2010 – og vidare

Den enkelte SUM-kommune drifta i 2010 stasjonane etter avtale.

Hyllestad kommune vil framleis drifte stasjonen i Staurdalen.

SUM skal overta overta driftinga i Jølster, Gaular, Fjaler og Askvoll i løpet av 2011.

Enkeltkommunane har arbeidet med registrering av nye abonnentar og innkrevjing av gebyr i medhald av Forurensingslova § 34. Avtalene vart gjennomgått i 2010.

Det vert vurdert om SUM i framtida skal overta registrering og gebyrinnkrevjing.

Operatørane på gjenvinningsstasjonane skal ha intern gjennomgang på Einestølen. Det vert i tillegg lagt opp til at eksterne krefter med særleg kompetanse på farleg avfall skal gjennomføre årleg kursing.

Ein del svært viktige moment er alltid med i den interne gjennomgangen:

- Operatørane skal alltid rettleie den leverande ved innkjøring
- Operatøren skal ikkje delta i kundens sortering, med unntak når nokon har særskilt behov
- Operatøren skal påsjå at kun lovleg gjenvinningsstasjonsvare vert levert; Prøver nokon å levere vare som ikkje inngår i mottaksløvet på stasjonen, skal vedkommande avvisast på korrekt og bestemt måte

- Avfall som ikkje inngår i det kommunale gebyret, kan takast i mot på alle nybygde stasjonar, alle¹ vil ha betalingsløysing i løpet av 2011.
- Når det er behov for særslikte klede og SUM-merking, skaffar SUM desse effektane

5. Avfallsbeholdningar etter oppteljing / gjennomgang

GRÅ (Restavfall)	Fastbuande 2010	Hytte januar 2010	Tot januar 2010	Fastbuande jan 2011	Hytte januar 2011	Tot januar 2011	Endring 2010 - 2011
Naustdal	1013	71	1084	1029	71	1100	16
Askvoll	1339	187	1526	1362	187	1549	23
Hyllestad	796	106	901	793	106	899	-2
Fjaler	1319	118	1438	1326	118	1444	7
Gaular	1020	56	1075	1046	56	1102	26
Jølster	1195	135	1330	1225	135	1360	30
Førde	5040	56	5097	5157	56	5213	116
SUM	11 722	729	12 452	11 938	729	12 667	215

Blå (Papiravfall)	Fastbuande 2010	Hytte januar 2010	Tot januar 2010	Fastbuande jan 2011	Hytte januar 2011	Tot januar 2011	Endring 2010 - 2011
Naustdal	989		989	1000		1000	11
Askvoll	1162		1162	1188		1188	26
Hyllestad	686		686	700		700	14
Fjaler	1152		1152	1156		1156	5
Gaular	1088		1088	1080		1080	-9
Jølster	1174		1174	1191		1191	17
Førde	4704		4704	4791		4791	87
SUM	10 954	0	10 954	11 106	0	11 106	152

Dunkar er vekta slik:
140 liter = 1
240 liter = 1,71
660 liter = 4,71
ein hyttedunk = 1

Hyttedunkar er både private abonnent og felles oppsamlingseiningar.

Kontainrar utplassert på oppsamlingsplasser for hytteavfall ikkje medtekne.

Arbeidet med teljing og kontroll av dunkar skjer kontinuerlig gjennom året.

6. Førebyggjande tiltak, unormale hendingar, særlege problem. Fylkesmannens kontrollar. Klager. Mv.

I 2008 var det brann på fyllinga, i 2009 vart fyllinga dusja i tørkeperiode. Ingen brann, men forsiktigheit i høve brannbassenget som kunne gå tomt

Vinteren 2009-2010 med langvarig kuldeperiode etterfølgt av tørkeperiode. Reservebassenget fraus til, og Brannvesenet i Førde vart informert om den potensielle risikoen. Brannvesenet tilbød reservevatn ved evt. behov (tankbiltilkjørt).

I 2010 vart det branntilløp inne i omlastingshallen; Det gikk bra – det vart folk til stades. Tenn-årsaka er ukjent, men med tidlegare erfaring frå brann på deponiet, kan det mistenkast at elektriske komponentar (batteri) har skapt gneistar som har antent tørt eller lett-tennade avfall.

Det vert jobba med sprinklerløysing. Vi har i fleire år hatt kontakt med sveisar Roald Gjervik, han har erfaring frå lågtrykks sprinkleranlegg i Nordsjøen (brannbassenget på kote 265 gir lite trykk i hallen på kote 250). Etter synfaring frå Brannsjefen i Førde kommune v. brannmeister Olsen, vart vi tipsa om at det kan vere behov for ekstern varsling når sprinkleranlegget eventuelt slår seg inn; Brannbassenget på 200 m³ kan gå tomt dersom vasstilførselen ikkje vert avstengt.

¹ Fjaler og Jølster kjem med i løpet av 2011

Gjennom Fylkesmannens kontrollar i 2010, vart det påpeikt ein den manglar. Dei fleste er retta opp; Akseptert av Fylkesmannen.

Farleg-avfall problematikken vart særleg fokusert. SUM vil gå inn i denne problematikken på fleire måtar:

- Kursing av driftspersonale (SUM tek over driftinga av stasjonane i Jølster, Askvoll, Gaular, og Fjaler) ved bruk av særleg kompetanse
- Styrke informasjonsutsendinga på farleg avfall
- Utskiljing av fraksjonar, til dømes gips og golvbelegg.

Generelt er det lite klager frå abonnentane. Nokre har likevel merknader; Ofte vert problemstillinga løyst over telefon. I ein del tilfelle vert det gjennomført synfaringar og møter. Ein del spørsmål vert avklara gjennom formell brevveksling.

Som det framgår av kapittel 3, har ikkje klageutvalet hatt møte i 2010, dette betyr at alle merknadssaker har vorte løyst utan at klageutvalet vart koplå inn.

Dunktøminga medfører ein del kontakt. Døme: Overfylte dunkar vert ikkje tømde. SUM nyttar i den samanheng renovatørane si tilbakemelding der ikkje tømde dunkar vert notert.

RenoNordens samlarapport for 2010, feil frå dunkbrukar i høve forskrift:

Avvik ikkje tømde dunkar i SUM Kommunane i 2010. Overfylling og "anna", til dømes feil innhald (farleg avfall, restavfall i papir, ee-avfall)															
Dunker der RenoNorden har sendt avviksmeld. til SUM og Kommunane, ikkje er tømte grunna i Renovasjonsforskriftene i SUM															
	Førde		Naustdal		Jølster		Gaular		Fjaler		Hyllestad		Askvoll		Sum
	Anna	Overf.	Anna	Overf.	Anna	Overf.	Anna	Overf.	Anna	Overf.	Anna	Overf.	Anna	Overf.	
Januar	4	32					4	2	3		1	1	16	1	64
Februar	8	33	1			1	1				13				57
Mars	23	30	53						1						107
April	4	7	11				1						1		24
Mai	2	4					1		1	1	3		1		13
Juni	2	6											4		12
Juli	3	5									2				10
August	11	2										1			14
September	10	10					2	8					3		33
Oktober	11	21	57				1	3		2	8				103
November	13	18	11				2	1			5	4		3	57
Desember	7	20		11			5		5			1	9		58
Sum	98	188	133	11	0	1	17	14	10	3	32	7	34	4	552
		286		144		1		31		13		39		38	552
% av tot		51,8		26,1		0,2		5,6		2,4		7,1		6,9	100

Oversikt over dunkar som urettmessig ikkje har vorte tømde, og der reserveløysing som renovatøren er ansvarleg for har vorte nytta:

Dunker som RenoNorden har "gløymt", der vi alltid har tømte i etterkant eller tilbydd abb. sekk på neste rute								
	Førde	Naustdal	Jølster	Gaular	Fjaler	Hyllestad	Askvoll	Sum
Januar	2			1			2	5
Februar	1	3					2	6
Mars			1				1	2
April	1	3		1		1	1	7
Mai		1	2				1	4
Juni	1	3						4
Juli	5	1	1	9	6		2	24
August						1		1
September		1			1			2
Oktober					3		1	4
November			3					3
Desember	2	3	2	1				8
Sum	12	15	9	12	10	2	10	70

7. Kontrakter 2008 – 2013 (-2014-2015)

Dagens status avfallsbehandling i SUM inkludert gjeldande avtaler med eksterne partar

Her følger oppstilling over aktuelle eksterne avtaler:

Tidsmessig nummerering	Avtalen gjeld	Avtalepartnar	Kontaktperson SUM, kontrakts-ansvarleg	Tidsrom	Merknader
1	Energigjenvinning restavfall	REKOM AS, Bergen	Driftsleiar Bu / dagleg leiar Grepstad	2010-31. mars 2014 + opsjon 1+1 år	
2a 30.06.10	Innkjøring frå SUMs gjenvinningsstasjonar	SAR AS, Florø	Driftsleiar Solheimsnes	2007-2009 + opsjon 1+1	Opsjon ut 2011 er nytta
2b 30.06.10	Henting spesialavfall – farleg avfall på gjenvinningsstasjonane og verksemdar (etter innmelding) samt årleg henterunde	SAR AS, Florø	Driftsleiar Solheimsnes	2007-2009 + opsjon 1+1	Opsjon ut 2011 er nytta
2c 30.06.10	Tøming av glas og metall frå returpunkt	SAR AS, Florø	Driftsleiar Solheimsnes	2007- 2009 + opsjon 1+1	Opsjon ut 2011 er nytta
2d	Sortering papir	Veolia, Førde	Driftsleiar Bu	2010-31. aug 2011	Marknadsprisane kan vere betre enn ved avtaleskriving i 2010, det vert vurdert å nytte oppsiinga på 3 mnd. Positiv verdi – ikkje ”offentleg anskaffelse”
3 30.06.12	Tøming av avfallbeholdarar, vanleg renovasjon	Reno Norge AS, avd. Førde	Driftsleiar Solheimsnes	2008-2012 + opsjon 1+1	2012 (2013,2014)
4 30.06.13	Tøming av slamavskillarar og tette tankar	Miljøservice AS, Stryn og Johny Birkeland Transport AS, Dalsøyra	Økonomisjef Øvretveit	2008-2013 + opsjon 1+1	2013 (2014,2015)

1 Det er henta inn tilbod på energigjenvinning av restavfall, avtale var på plass 1. april 2010

2a-b-c-d: Opsjon er nytta. Ny anbudsrunde i 2011: Henting gjenv.stasjonar, farleg avfall, returpunkt (glas), papir

3 Seinhaustes 2011 og tidleg 2012 kan det utarbeidast anbodsmateriale for dunkrenovasjon; I tilfelle opsjon vert nytta 1 eller 2 år seinare. Bruk av opsjon må formelt varslast seinast **30.06.12**

4 Seinhaustes 2012 og tidleg 2013 kan det utarbeidast anbodsmateriale for ny forespørselsrunde slamtøming; I tilfelle opsjon vert nytta 1 eller 2 år seinare. Bruk av opsjon må formelt varslast seinast **30.06.13**

8. Utvikling dei neste åra

Formålet med selskapet ligg i Selskapsavtalen, som også legg grunnlaget for samarbeidet med eigarkommunane.

SUMs viktigast oppgåve er å tilby abonnentane korrekt avfallsløysing basert på:

- Kontinuerleg oppdatering på kva avfallsalternativ som finst
- Kritisk vurdering av metodikk og løysing med sikte på god ressursbruk og forsvarleg utslepp til luft-jord-vatn
- Systematisk informasjon til alle abonnentane ved bruk av info-blad, annonser og internett / elektroniske løysingar, svar på telefon-spørsmål og ved personleg kontakt

SUM bidrar til avfallskunnskap både hos abonnentane, næringslivet og samfunnet generelt. Ordinære informasjonskanalar vert nytta – herunder oppdatert nettside - , i tillegg til å stille opp i debattar.

SUM syter for at tilsette og styret er godt oppdatert og i stand til å gjere dei nødvendige kritisk vurderingane. Deltaking i faglege konferansar, besøk på aktuelle anlegg og deltaking på fagmesser er viktige element i kompetansebygginga

Når og dersom eigarkommunane ønskjer det, stiller SUM med avfallkompetanse som enten finst i selskapet eller som gode nettverk kan framskaffe. Selskapet har mange kanalar som kan brukast, mellom anna i samarbeidet KS Bedrift og Avfall Norge, og gjennom KAV (=Vestlandssamarbeidet) der alle interkommunale avfallsselskap og ein del enkeltkommunar frå Nord-Rogaland (inkl Stavanger-området), Hordaland og Sogn og Fjordane er med

9. Utfordringar og løysing

I kapitla framfor, er kjende utfordringar og løysingar beskrivne.

Nokre tema;

Deponiforbod nedbrytbart frå 2009, dispensasjon til 31. mars 2010. Frå april 2010 også næringsavfall til energi- eller materialgjenvinning slik tidlegare innført for hushaldning, svært lite på deponi

- Stort ”trykk” på sorteringshall og kverning for å effektivisere transportane (ønskjeleg med 30t/lass)
- I utgangspunktet er det næringane sjølv som skal finne løysingane etter at deponering vart slutt, SUM tilbyr sin kompetanse på kommersielle vilkår.

Kompostering kloakkslam utav fyllinga, deponitoppen frigjort for vidare deponering ved behov. Utviding deponiareal unødvendig så langt det gjeld tilgjengeleg volum

- Lettare ureina massar vil venteleg auke med påfølgjande deponeringsønskje. SUM ønskjer å bruke deponiet til dette innan forsvarlege rammer, men slik regelverket synest å vere kan det bli behov for nye celler med totalt skilje frå tidlegare deponert; Det kan sjå ut til at det er vanskeleg å bruke allreie botntetta areal.

Nokre avfallsfraksjonar vert følgd nøye opp:

Plast

Næring

Etter dei opplysningar ein kan hente, er der løysingar på gjenvinning av næringslivsplast. SUM har ikkje engasjert seg for å få fatt i dette. Mengdene synest så små, at det ikkje er rom for mange aktørar.

Hushaldning

Det er også i 2010 gjort mange vurderingar på særskilt innsamling av emballasjeplast.

Så langt har ikkje styret funne at miljø-effekten forsvarar iverksetjing av særskilt utskiljing og innsamling. Styret har merka seg;

- Norge har ikkje materialgjenninningskapasitet
- Utsortert plast går til Tyskland med siktemål materialgjenvinning. Det har vist seg umogleg å få verifisert at fraksjonen verkeleg går til materialgjenvinning; Det synest temmeleg klart at det meste går til forbrenning med (forhåpentlegvis) energigjenvinning – nett slik det gjer når SUMs abonnentar legg plasten i restavfallsdunken. Det blir også fortalt at ein del av plasten som går til Tyskland , vert vidaresendt til Kina for materialgjenvinning. Det synest svært vanskeleg å få fram tal på materialgjenvinning – sjølv om Grønt Punkt i sine utleggingar hevdar at dette er løysinga.

Plast som gjenvinningsvare blir meir og meir ”langreist”. Sjølv om materialgjenvinning isolert sett kan gi betydeleg klimavinst, må miljørekskapet også ta med ulempene ved auka transport under innsamling, vask og reingjering (energibruk) i fleire steg, samt risikoen for at materialet vert forkasta som material-gjenvinningsvare når fraksjonen kjem til behandling.

På ein konferanse i regi av KS Bedrift 16. og 17. februar 2011, vart det i debatt sagt at no må gjenvinningsselskapa vere sannferdige. Sorteringskontrollar gjort av avfallsselskapa, viser at det ikkje er samsvar mellom totaltal som ”bransjen” rapporterer som produsert, og det vi finn att gjennom kontrollar. Dermed må det også stillast spørsmål til gjenvinningsprosenten – uavhengig av kva gjenvinningsløyning som måtte vere rett. Returbransjen har stor nytte av å kunne rapportere høg gjenvinningsprosent, på denne måten vert statleg avgift unngått.

Frå Avfall Norge-seminar februar 2011, framført at Tord Tjeldflaat, IVAR:

Innlegget finst i heilskap på;

http://www.avfallnorge.no/fagomraader/innsamling_og_gjenvinning/nyheter/vellykket_gjenvinningsseminar_i_bergen


eller ved å klikke:

http://www.avfallnorge.no/fagomraader/innsamling_og_gjenvinning/nyheter/vellykket_gjenvinningsseminar_i_bergen


Plastemballasje

- Grønt Punkt Norge drifter returordningen
Bransjeavtalen
- Minst 30 % skal materialgjenvinnes
- Minst 50 % skal energiutnyttas
- Nevner / teller problematikken har vært et stridstema
- Grønt Punkt Norge: 15 kg / innbygger (husholdning)

2006-2007



2009



Slik stoda er, og der det må stillast spørsmål til både grunnlag og resultat som langt det gjeld emballasje og særleg plast, finn ikkje SUM grunn for å iverksetje innsamlingsystem for hushaldningsplast. SUM rår abonnentane til å nytte den vanlege restavfallsdunken der all plast kjem til nytte som råstoff for energiproduksjon.

Matavfall - utråtning

Det er i dag uaktuelt å gå for kompostering av matavfall som ny løysing.

Utråtningssystemet – med produksjon av metangass under anaerobe forhold som grunntanke – er under utbygging rundt om. Likevel må vi registrere at også desse anlegga har ein veg å gå før dei er vellukka.

Hovudpoenget med anlegga er å produsere metan, CH₄, energirik gass som kan nyttast til diverse formål.

Distribusjonssystemet for metan-bruk er på veg opp, men har nok eit stykke att før det blir kommersielt godt. Likevel er dette eit positivt bidrag i klimatankegangen:

- Gassen er klimanøytral fordi den vert produsert av biologisk avfall (mat og slam) og ikkje fossilt brensel
- Gassen kan kompensere for andre energikjelder

For SUM er det ikkje aktuelt med matavfallsutskiljing så langt fram som ein i dag kan sjå. SUM vil likevel halde seg oppdatert på kva som kjem opp av framtidsløysingar, og som evt. tilseier revurdering av standpunkt

Gips

Det vert arbeidd med med løysing gjennom KAV².; Ingen ønskjer å deponere fraksjonen som har vist seg å vere kjelde til store luktpproblem.

SUM reknar med å ha på plass ”under tak” – løysing i 2011, slik at gipsen kan lagrast tørt i påvente av borttransport.

² Kommunalt Avfall Vestland


10. Anlegg og bygningar, utstyr-maskiner

Administrasjonsbygg

Bygging av ny fløy på adm.bygget i gang. Sjå tiltak 4 i neste punkt

Diverse takoverbygg

SUM har fått rammelyve for bygging i samsvar med denne skissa:



- Tiltak 1 Forlenging av eksisterande sorteringsområde
 Tiltak 2 Overbygging rundt eksist. sorteringsområde for å kunne plassere meir under tak / verna for nedbør
 Tiltak 3 ”Bensinstasjonstak” over vekt. Behov for overdekking i samband med nedbør og frost
 Tiltak 4 Nye kontor
 Tiltak 5 Overbygging av større lagerområde for lengre tids lagring av t.d. PCB-vindu, batteri, ee, gips, + + .
 Tiltak 6 Utviding glasbåsar

Tidlegare bygt:

- Tiltak 7 Omlastingshall
 Tiltak 8 Overbygt og sjølvsortering, i lågeståande containerar
 Tiltak 9 Driftsbygning
 Tiltak 10 Administrasjonsbygg
 Tiltak 11 Parkeringsplass
 Tiltak 12 Glasbåsar

Rensing av sigevatn.

Anlegget vart sett i drift 2010, jamfør omtale i Årsmelding 2009.

Erfaringsgrunnlaget er lite. Det kan sjå ut t til at vi får ut ein del sediment som elles ville gått til fjorden. Anlegget må driftast lenger før det kan dragast slutningar på i høve til å redusere utslepp

Det vert vist til særskilt Årsrapport vatn utarbeidd at SunnLab for SUM, sendt til Fylkesmannen i S&F, sjå også SUMs ineternettsider.

Utviding deponi; Vanskeleg å tidfeste, ”om nokre år”.

Som omtalt ovanfor er det høgst usikkert kva deponia vil ta inn dei neste åra. Det kan likevel sjå ut til at noko meir ikkje reaktiv vare (daud vare i samband med utslepp til luft) kjem inn. I tilfelle *kan* større deler av eksisterande deponi bli omlagt til mottak; Men her kan eit rigorøst regelverk med krav til uhensiktsmessig oppdeling gjere at oppgradering er uforsvarleg.

Gienvinningsstasjonar, oppgradert

Hyllestad / Staurdalen (i drift 2006)

For hushaldningsavfall og små-næringar

Askvoll / Olsetvikane (i drift 2009).

For hushaldningsavfall og små-næringar

Gaular /Sande (2010)

Ny stasjon bygt der den ”gamle” stod. I drift desember 2010 (asfaltering 2011)

For hushaldningsavfall og små-næringar

Jølster / Skei (2010-2011).

Bygging frå haust 2010, ferdig 2011.

For hushaldningsavfall og små-næringar

Fjaler / Dale (2011)

Plansituasjonen avklara gjennom reguleringsplan. Bygging planlagt 2011.

For hushaldningsavfall og små-næringar

Påverknad ytre miljø – utsjånad, lukt mv

Det vert lagt vekt på at SUMs drift på hovudanlegget på Einestølen og gjenvinningsstasjonane, skal vere god både med omsyn til utsjånad og evt. luktproblematikk. Likeså gjeld dette returpunkta.

Lukt frå deponi vil alltid oppstå. Det har likevel ikkje vore særlege vanskar denne rapporteringsperioden. Lukt frå det nye renseanlegget er eit påakta tema; Det ser ut til at dette ikkje blir noko problem, men erfaringstidsrommet er ”kort”.

SUMs anlegg skal framstå som ryddige, selskapet får generelt gode tilbankemeldingar, det har ikkje vore spesielle problem.

Med såpass mykje avfallhandtering på etter kvart store asfalterte flater, hender det likevel at ikkje alt er like bra. Det vert kjøpt inn (levering mars 2011) koste / feiemaskin for hjullastar som gjer det mogleg å komme kjapt rundt ved behov.

Returpunkt (emballasjeglaser og små metallboksar samt hytte-containerar)

Som vanleg etter kvart årsskifte og før SUM-info 1 vert sendt ut, vert punkta vurdert.

Det ligg an til at returpunktet på Fest- og utstillingsplassen i Førde vert flytta til Øyrane. Førde kommune har vore aktive for å finne løysing, og dei vel å tilrå bruk av eige areal til formålet. I Førde tettstad er det også fleire andre mulegheiter for å kvitte seg med glasemballasje.

Den nye plasseringa vil også gjelde for hytte-brukarar. Dermed må hytteeigarane få god tilvising til ny plass gjennom SUM-info 1-2011 (som også vert sendt til dei som bur utanbygds).

På ferjekaia i Gjervik har vi i fleire år hatt vanskar med tømning grunna tilfeldig parkering. Det er returpunkt på kaia i Askvoll. Når det har vist seg uråd å få bukt med parkeringsproblema, vel SUM å ta bort punktet ved Gjervik ferjekai. Tidlegare har det vore forsøkt med løysing ved butikken – det vert vurdert om der er andre plasseringsalternativ på Atløy.

Det kan bli mindre justeringar seinare, dette vert vurdert fortløpande. Så langt råd, vert justeringar tatt med i SUM-info 1-2011

11. Mogleg overvaking

Fleire renovasjonsselskap nyttar overvakingssystem, internettbaserte system er aktuelle til stadig lågare pris.

Dersom kamerabruk skulle bli aktuelt til dømes på gjenvinningsstasjonane, vil nokre funksjonar vere viktige :

- Å kunne fjernhjelp operatørane når dei treng råd
- Å overvake utanom bemanna opningstid

Også i SUM-systemet har vi ”besøk” utanom opningstida, det må ventast at denne ”tenesta” vil auke.

I samband med nybygginga på Einestølen, er det ønskjeleg å få i gang eit teneleg system innan rammene frå Datatilsynet.

12. Mannskap

Behandlinga av hushaldsavfallsdelen vil vere om lag stabil. Slamkomposteringsaktiviteten vil auke.

Det er stor usikkerheit om kvar næringsdelen av energigjenvinningsavfallet vil ta vegen. Rett nok meiner SUM at dei tilbod selskapet kan gi, er gode; Men marknaden er usikker.

SUM skal overta driftinga av gjenvinningsstasjonane i Jølster, Gaular, Fjaler og Askvoll. Anten vert det tilsett personell, eller det vert skrive kontrakt med næringsdrivande. Vert det tilsetjing, må mannskapet aukast.

SUM har i lang tid kjøpt sveisetenester gjennom Roald Gjerviks firma. Sidan kverna kom i drift, har sveisebehovet auka (knivar må skiftast jamnleg), dette er løyst gjennom Roald Gjervik og arbeidsavtale/vikar med sveisekunnig person (med maskinkjørarkompetanse) – god løysing.

Det kan vere aktuelt å samtale om overtaking av registrering og gebyrinnkrevjing frå kommunane. Vert dette løysinga, må mannskapssituasjonen tilpassast.

Oppsummert:

Avhengig av løysingar, er det aktuelt å auke arbeidsstokken.

13. SUM ønskjer samarbeid og kan tilby løysingar når andre avfallsaktørar har behov for det

Opp gjennom åra har SUM hatt god kontakt med granneselskapa. Det har vore gjennomført felles utgreiingar, erfaringsutveksling skjer ofte. Det har også vore kjørt felles anbudsrunder for å få opp interessa for å rekne / gi tilbod. Etter kvart har omgrepet VESTLANDSSAMARBEID vorte kjent i heile avfallsbransjen; Organisert i KAV Kommunalt Avfall Vestland

Kvar for seg vert selskapa og kommunane i Sogn og Fjordane små, samarbeid og samhandling må til for å sikre abonnentane og næringslivet forsvarlege avfallsløysingar.

Arbeidsplassane viktige også for SUM; Haldning er at arbeidsplassane kjem på plass fordi ein får noko til.

SUMs **personale** (gjerne koplå mot gode, faglege nettverk) og **utbyggingar** (gjennomført og planlagt) gir moglegheit for å kunne tilby avfallsløysingar for både offentleg og privat verksemd i tillegg til hushaldningane; På planlegging og gjennomføring.

14. Informasjon – internettside. Ekstra SUM-sekk som naudløysing

Flygeblad "SUM-info" vert spreidd til alle innbyggjarar nokre gonger pr år. Hovudutsendinga går før påske, også adressert til hytteeigarar med bustadadresse utanom SUM-kommunane.

Media vert brukt aktivt, gjennom kjøpt annonseplass og redaksjonelt stoff – reportasjar.

SUMs internettside er aktiv. Målet er å vere på hogget med nyhende samtidig som det trauste kjem lettare fram.

I 2008 kom ny ordning med SUM-sekk på plass; Abonnentane kan kjøpe særskilt sekk med SUM-påskrift (påtrykt informasjon) når dei ein dei av og til har meir avfall enn normaldunken rommer. Denne volumkompensasjonen kan vere god å ha når noko særskilt skjer i heimen og i samband med at SUM ikkje tømmer overfylte dunkar. Informert i SUM-info og annonser.

15. Opplæring - kompetanseheving

For å sikre personleg kompetanseauke, brukar SUM mange kanalar og metodar:

- Bevisst bruk av matpausar til å informere om smått og stort, opa haldning leiing/tilsette
- Deltaking på ei rekke seminar og konferansar, dei tilsette er kontinuerleg invitert til å komme med ønskje.
- Aktiv deltaking i organisasjonane KS Bedrift, Norsk Forening for Farleg Avfall, Avfall Norge
- Besøk i andre selskap

Eit av dei viktigaste opplæringselementa er meiningsutvekslinga mellom tilsette kombinert med bruk av internett; Gjennom aktiv inkluderingsprosess – også gjennom formelle internmøte - gir og hentar dei tilsette idear og innspel til opplæring og praktisk drift.

16. Styrets vurdering – oppsummering

FNs klimapanel og andre kompetente organisasjonar og enkeltpersonar varslar at alle må arbeide for å redusere ressursbruk og dermed klimautslepp. Førre-var prinsippet må gjelde.

SUM ønskjer å finne dei rette avfallsløysingane, og siktar mot gjenvinningsløysingar der dette er miljømessig og kostnadmessig rett.

Statistikkane; SUM har god innsamling av farleg avfall frå hushaldning, i 2010 6,5 kg/innbyggjar .

I samband med at Fylkesmannen kom med ein del merknader i 2010, vart det henta inn tal frå NORSAS (Statens aktør i registreringa). Det viste seg at dei tal SUM brukte i årsrapporteringa for 2009, **5,2 kg/innbyggjar**, i røynda var **5,9 kg/innbyggjar**.

COWI brukte Norsas sitt grunnlag, og i rapport frå juni 2010 står dette under kapittel 3.2:

Vestlandet: Farleg avfall frå hushaldning 2009

Norsas har etter avtale også gjennomført ei samanstilling av data for Vestlandet som vist i tabellen nedanfor.

Selskap	Folketal	Innsamla mengde (kg)		Mengde pr innbuar (kg)	
		2008	2009	2008	2009
HIM	46 987	161 455	87 382	3,4	1,9
IHM	21 344	32 721	32 977	1,5	1,5
NGIR	34 222	85 858	212 143	2,5	6,2
NOMIL	26 468	82 106	73 668	3,1	2,8
SIM	57 307	213 673	556 136	3,7	9,7
SIMAS	26 311	77 688	91 163	3,0	3,5
SUM	27 817	153 215	164 591	5,5	5,9
VØR	18 916	32 971	90 664	1,7	4,8

Forkortingane står for følgjande selskapsnamn:

HIM Haugalandet Interkommunale Miljøverk

IHM Indre Hordaland Interkommunale Miljøverk

NGIR Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap

NOMIL Nordfjord Miljøverk

SIM Sunnhordland Interkommunale Miljøverk

SIMAS Sogn Interkommunale Avfallsselskap

SUM Sunnfjord Miljøverk

VØR Volda og Ørsta Interkommunale Renovasjonsselskap

***** Avskrift slutt

SUM-kommunane har fått tilsynsrapport frå Fylkesmannen der det kan sjå ut til at tilsynsmyndigheita meiner at eigarkommunane / SUM har for dårleg løysing for små næringsdrivande i kommunane / grendene i høve farleg avfall. Det vert mellom anna vist til ein rettleiar frå 1999 – som nok må seiast å representere eit heilt anna innsamlingsnivå enn dagens.

Gjennom advokat Hanne S. Torkelsen i KS Bedrift, har SUM fått utarbeidd juridisk NOTAT datert 25. februar 2011 i høve Fylkesmannens brev til eigarkommunane. Notatet går mellom annan inn på grunnlaget for interkommunalt avfallssamarbeid, og Lov og Forskrifts stilling i høve til rettleiarar, til dømes ”Veiledning 99:02” (frå 1999) som fylkesmannen viser til.

Notatet er oversendt eigarkommunane v brev datert 28. februar 2011. .

Om lag alt det vanlege hushaldningsavfallet går i dag til material- og energigjenvinning.

Det enkelte avfallsselskap har lite eller ingen styring på kor mykje avfall den enkelte produserer, sjølv om ”smådrypp” i informasjon og debattsamanhengar kan pirke i samvitet. Dermed vert det heller valt å bruke medlemsorganisasjonane for å skape felles tyngde når avfallsreduksjonstemaet kjem opp.

SUM er aktiv innan temaet ”produsentansvar”; Saman med resten av den kommunale/interkommunale avfallsbransjen er det viktig å påverke slik at produsentane må ta større ansvar for det dei sel til folk. Det er nok i dag slik at det gjeld å pøse ut varer; Dess mindre haldbarheit dess meir sal.

Dersom produsentane må ta større del i returen / avfallet, kan ein håpe at det kan bli meir interessant å produsere for mindre ”bruk og kast”.

EU-systemet har etter kvart gått tungt inn i denne problematikken, og der ligg føringar for at produsentane av EE-avfall (elektrisk/elektronisk) innan få år må skaffe full kostnadsdekking på EE som avfall

SUM er aktiv medlem i KS Bedrift (KSB) og KS Bedrift Avfall. Gjennom KS-systemet er der moglegheit for direkte og formalisert myndigheitskontakt. Tanken er at praktisk og løysingsorientert innsikt kanalisert og formulert på rett måte, skal påverke myndigheitsorgan.

Også medlemskapet i bransjeorganisasjonen Avfall Norge (AN) gir moglegheit for påverknad.

Medlemskapet i desse organisasjonane gir stor moglegheit for å hente kunnskap og kompetanse.

SUMs drift er god. Det kjem stadig opp nye spørsmål som må svarast på, og utfordringane gjennom eit nokså kronglete og komplisert regelverk er mange. Gjennom aktiv involvering av alle tilsette saman med eksterne krefter, vert utfordringane takla.

Styret i SUM har jobba aktivt for å setje seg inn i avfallest spørsmål, og har tileigna seg teoretisk og praktisk kompetanse. God basiskunnskap er viktig for felles forståelse av problemstillingar – dette gir også moglegheit for konstruktive vedtak og føringar i høve SUM framtid.

Styremedlemmene bidreg gjerne til oppklaringar av spørsmål i dei kommunane dei kjem frå.

I høve til Regnskapsloven § 3-3:

Arbeidsmiljøet er godt. SUM er tilslutta bedriftshelseteneste, brukt både som rådgjevar og oppfølging av tilsette.

Sjukefråværet var i 2010 var på 8,3 %. Hovudårsaka til dette var ein langtidssjukemeldt som valde å slutte ved SUM, og statistikken utan denne personen syner eit sjukefråværet på under 1%. Verksemda har merksemd på denne utfordringa, og nyttar bedriftshelsetenesta Hjelp 24 som kompetasesorgan som profesjonell bistand ved oppfølging av langtidssjukemelding. Det vert mellom anna gjennomført støvmålingar i omlastingshallen for å kunne vurdere eventuelle helsemassige tiltak.

Likestillingsspørsmål vert vurdert når tilsetjing er aktuelt.

Det er 7 heiltids tilsette i SUM + 1 vikar, herav ei kvinne.

Dagleg leiars årsløn: kr 650.000

Representantskapet fastset kvart år godtgjersla til representantskap-styre-klageutval, vedtaket april 2010 var slik:

Tekst	Godtgjersle 2010
Fast møtegodtgjersle pr. møtedag for møtande medlemmer / varamedlemmer til møte i styret, utval og representantskap	1.200
Dokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr møtedag dekkja med inntil	2.020
Udokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr. møtedag dekkja med	1.330
Årleg godtgjersle til leiar av representantskapet	5.770
Årleg godtgjersle til leiar av klageutvalet	5.770
Årleg godtgjersle til styreleiaren	34.100
Årleg godtgjersle til styrets nestleiar	9.570
Årleg godtgjersle til dei faste styremedlemmene	5.770
Reisegodtgjersle vert dekkja i samsvar med Statens reiseregulativ. SUM har forsikring for tenestereiser; Forsikringsvilkåra kan avvike frå Statens opplegg.	
Dekking barnepass under møter, inntil kr 200/time avgrensa oppover til kr 1.200	

Styret viser til Forurensingslova § 2 og retningslinjene for avfallsarbeidet:

§ 2. (retningslinjer)

Gjennomføringen av loven skal skje etter disse retningslinjer:

1. Det skal arbeides for å hindre at forurensning oppstår eller øker, og for å begrense forurensning som finner sted. Det skal likeledes arbeides for å unngå avfallsproblemer. Loven skal nyttas for å oppnå en miljøkvalitet som er tilfredsstillende ut fra en samlet vurdering av helse, velferd, naturmiljøet, kostnader forbundet med tiltakene og økonomiske forhold.

2. Forurensningsmyndighetene skal samordne sin virksomhet med planmyndighetene slik at planlovgivningen sammen med denne lov brukes for å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer.
3. For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og fremtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater.
4. Avfall skal tas hånd om slik at det blir minst mulig til skade og ulempe. Det skal gjenvinnes der dette ut fra en avveining av miljøhensyn, ressurs hensyn og økonomiske forhold er berettiget.
5. Kostnadene ved å hindre eller begrense forurensning og avfallsproblemer skal dekkes av den ansvarlige for forurensningen eller avfallet.
6. Forurensning og avfallsproblemer som skyldes virksomhet på norsk område skal motvirkes i samme utstrekning hva enten skadene eller ulempene inntreffer i eller utenfor Norge

Styrets punktoppsummering:


- Kompetanseorgan for eigarane = Abonnentane og kommunane
- Søkjer nye løysingar gjennom nettverksarbeid og god kontakt i fagmiljø
- Sjekkar at løysingane toler å bli granska mot miljømessige og samfunnsøkonomiske kriterier, ugjennomtenkte og lettvinde løysingar skal unngåast
- ”Spissar” kompetansebygginga ved behov
- Fokus på gjenvinning vurdert mot økonomi og miljø
- Bidrar med avfallsløysingar og kompetanse for næringslivet i regionen
- Oppdatert på dei fleste typar avfallstilhøve enten sjølv eller gjennom gode nettverk
- Gir eigarane beskjed når ureglementære ting vert oppdaga, kommunane er forurensningsmyndigheit
- Bidrar til samarbeid utover primærområdet gjennom aktiv bruk av fagnettverk
- Godt grunnlag for framhaldande drift

Henrik Lunde, leiar	Turid Vallestad	Gerd Dvergsdal, nestleiar
Amund Soltveit	Erling Hjelle	Harald Kvame
Bjørn Harald Haugsvær	Aud Kari Steinsland	

17. Statistikk


Deponert (Hesjedalen) frå opning 01.06.97, tonn

År	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Næringsavfall	3 889	5 559	8 423	7 215	7 648	6 077	6 147	5718	4283	4625	10277	4943
Hushaldningsavfall	6 269	6 442	6 751	7 159	6 694	809	625	633	762	545	677	98
Treverk / slam	2 119	2 804	3 459	4 213	3 299	3 610	3 859	4 208	4 203	5 833	5 371	
Plassert på deponiet	32 608	47 413	66 046	84 633	102 274	112 770	123 401	133 960	143 208	154 211	170 536	175 577



Farleg avfall-container, PCB-vindu, batteri og CCA-impregnert. Tonn. År 2010; 6,5 kg/innbyggjar


Farleg avfall	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Samla tonnasje	13	14	14	54	107	131	158	138	193	161	183
Mellomlagra								34	5	22	23
kg pr innbyggjar utan det som ligg på lager											6,54



Mellomlagra farleg avfall	2007	2008	2009	2010
Batteri	10	2	9	6
CCA	20	1	10	15
PCB	4	2	3	2


Emballasje og små metallboksar. Tonn

GLASS	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Innsamla i kommunane	133	142	144	174	183	148	205	194	236	325	314




Papir: Innsamla i SUM kommunane. Tonn


Papir											
År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Innsamla i kommunane	1144	1157	1141	1204	1303	1447	1543	1647	1766	1677	1692

**Restavfall renovasjonsbilane innsamla av Retura Vest/RenoNorden. Tonn**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
tal innveingar	1099	1113	1113	1122	1129	1205	1353	1339
Tonn	6 061	6 256	6 477	6 588	6 711	6 739	6 679	6 613


**Utveging energigjenvinningsvarer, tonn**

Utveging energigjenvinningsvarer	Oppstart utveging av våtorganisk avfall 01.12.03							
År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Hushald	519	5 515	6 002	6 163	5 945	6 036	6 011	6 613
Næring	35	1 225	1 980	2 146	2 364	2 316	3 098	6 066




Tonnasje og antal vegingar innom SUM-vekta.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Antall innveingar	11 369	12 454	14 240	15 269	16 663	18 713	20 604	19 511
Tonn	18 712	26 144	28 415	29 048	34 051	39 050	44 040	45 088

**Innsamla hushaldningsavfall i SUM kommunane**

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Tonn innsamla i SUM * 100	82,84	119,15	118,16	118,98	123,36	112,24	114,35	114,63
Innbuarar i SUM * 100	271,85	272,32	271,71	272,58	273,51	275,00	276,64	279,71
Kg avfall pr innbyggjar	305	411	435	437	451	408	413	410

**Gjenvinningsprosent / hushaldningsavfall levert gjenvinningsanlegg > 99%**

Slik stoda no er, går om lag alt hushaldningsavfall til gjenvinningsanlegg; Under 100 årstonn går til deponi – av totalt handtert ca 11.463 tonn. Dermed går meir enn 99% av hushaldningsavfallet til eksterne anlegg.

Del II

Årsrekneskap 2010, balanse 31.12.10, økonomiplan 2011-2014

Kommentarar til rekneskapan for 2010

Inntekter.

Gebyrinntekter. Det var inga endring av gebyrsatsane på slam og renovasjon ved inngongen av 2010. Den lille auken på renovasjon skuldast vekst i Førde, og slaminntektene auker som ein følge av det nye reinseanlegget til Førde Kommune.

Inntekter næringsavfall. Sommaren 2009 vart avfallsstraumen i våre omkringliggande områder endra idet nokre av fylkets deponi vart nedlagt. SUM vart nytta som ein kortsiktig løysing for nokre aktørar som no har fått andre ordningar på plass. Det vart teke høgd for ein nedgong i budsjetteringa for 2010, der inntekta for året 2008 vart gjeldande.

Sal til materialgjenvinning. Prisane for råvarer til materialgjenvinning er no tilbake til nivået før finanskrisen hausten 2008. SUM sel metall, batteri, papp/papir, glas

Kostnader

Administrasjon. Løn SUMs administrasjon, kontorkostnader, informasjonsutsendingar. Auke i høve til budsjettet skuldast planarbeid (arkitekt, forarbeid v/Sæle, byggesøknad) til alle bygningsmessige justeringar vedtekne for Einestølen 2010-2012 samt planarbeid i samarbeid med utbygging av gjenvinningsstasjonar.

Administrasjon renovasjon og slam eigarar. SUMs eigarkommunar utfører arbeidet med vedlikehald og utfakturering av abonnentmassen. Godtgjersla for dette vart ved inngongen til 2010 auka til kr 60,- pr dunkabonement og kr 55,- for ein vanleg septiktank.

Drift avfallsplass. Løn driftsavdeling, alle vedlikehaldskostnader ved SUMs anlegg og maskinpark. Forbod mot deponering av organisk avfall har gitt ein høgre terskel i kostnadsbiletet idet sortering, kverning og omlasting for utveging er meir arbeidskrevjande enn deponering. Auken i kompleksiteten i drifta fører til meir maskineri i drift samstundes som anlegget vårt har stadig fleir og eldre installasjonar å vedlikehalde.

Transport renovasjonsbil . Som budsjettert.

Energigjenvinning restavfall og Transport til energigjenvinning. Kostnaden ved slutthandsaming av avfall som kan gi god energi, og som

- ikkje er opplista under sal til materialgjenvinning (under inntekter)
- ikkje skal behandlast særskilt (farleg avfall)
- ureiner ved deponering (i form av avrenning og produksjon av metangass).

Transport slam. I hovudsak ordinær tømmerunde i kommunane Fjaler, Hyllestad, Gaular og Jølster.

Transport/ behandling gjenvinningsstasjonar. Som budsjettert. Har stabilisert seg på eit lågre nivå enn tidlegare som følge av rasjonell transport med færre og større einingar (nye gjenvinningsstasjonar).

Drift gjenvinningsstasjonar. I hovudsak betaling for utleigd mannskap på gjenvinningsstasjonane til SUM i Askvoll, Hyllestad, Gaular, Jølster og Fjaler, der ny avtale med auke i kommunal godtgjersle ga eit hopp i kostnadsbiletet. I tillegg auke i behandlingkostnader for farleg avfall.

Slutthandsamingsavgift. Frå 1. april 2010 har vi hatt forbod mot deponering av alt organisk avfall ved SUM. Slutthandsamingsavgifta vart etter dette sett ned til 275,- pr tonn for resten av 2010, idet vi nådde ein høgre terskel i miljøhierarkiet.

Avsett til etterdrift. Det er i 2010 deponert 2.937 tonn avfall på SUMs deponi, avsetjing kr 128,- pr tonn.

Avskrivningar. Alle planlagde investeringar vert gjennomført, men noko er utsett litt i tid. Avskrivingskostnadene for 2010 er derfor litt lågare enn budsjett.

Renter. SUM har ikkje langsiktig gjeld. Alle investeringar i 2010 har vore gjennomført med oppsparte midlar. Likviditetsoverskotet står på særvilkårskonto. Gevinst ved sal av aksjar i Retura AS på 30.000,-

Rekneskap 2010

Resultat for året sett opp mot budsjett og fjorårets resultat.

	Resultat 2010	Budsjett 2010	Resultat 2009
DRIFTSINNETEKTER			
Renovasjonsinntekt	-23 716 855	-23 500 000	-23 668 325
Inntekt slam	-5 643 413	-4 400 000	-4 328 882
Næringsavfall	-10 085 928	-10 000 000	-14 279 834
Leigeinntekt	-36 000	-40 000	-36 000
Sal til materialgjenvinning	-1 395 416	-1 000 000	-879 717
SUM INNETEKTER	-40 877 612	-38 940 000	-43 192 758
DRIFTSKOSTNADER			
Administrasjon	3 314 297	2 800 000	2 559 155
Adm. renov og slam eigarar	1 180 549	1 100 000	1 067 975
Drift avfallsplass	4 580 860	4 100 000	3 757 415
Transport renovasjonsbil	8 845 146	9 000 000	8 744 191
Energigjenvinning restavfall	3 475 879	3 200 000	3 420 813
Transport til energigjenvinning	5 436 632	5 000 000	5 350 502
Transport slam	3 826 731	3 700 000	3 261 522
Transport/beh gjenvinningsstasjonar	1 732 100	2 500 000	1 886 045
Drift gjenvinningsstasjonar	1 462 420	800 000	976 532
Slutthandsamingsavgift	1 149 396	3 200 000	4 860 637
Avsett til etterdrift	376 100	200 000	1 051 584
Avskrivningar	3 447 581	3 535 000	2 871 139
SUM KOSTNADER	38 827 691	39 135 000	39 807 510
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-2 049 920	195 000	-3 385 248
FINANS			
Renteinntekter, aksjeutbytte	-299 686	-260 000	-251 005
Renteutgifter, bankgebyrer	16 315	50 000	15 041
SUM FINANS	-283 371	-210 000	-235 964
NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 333 291	-15 000	-3 621 212

Balanse 31.12.2010 med notar

	2009	2010
<u>Anleggsmidler:</u>		
1 Finansielle anleggsmiddel	230 295	137 588
2 Utstyr, maskiner og transportmiddel	10 088 676	14 654 367
3 Faste eiendommer og anlegg	29 248 123	29 944 879
Sum anleggsmidler	39 567 094	44 736 834
<u>Omløpsmidlar:</u>		
Kasse, bank, postgiro	11 313 240	11 555 247
Utestående krav	3 122 304	1 411 882
Sum omløpsmidlar	14 435 544	12 967 129
SUM EIGENDELAR	54 002 638	57 703 963
<u>Eigenkapital:</u>		
Interessekapital	100 000	100 000
4 Sjølvkostfond abonnentar	2 549 461	4 266 599
4 Fri egenkapital	4 922 004	6 826 078
4 Resultat til fordeling	3 621 213	2 333 291
5 Anna eigenkapital	35 387 294	35 387 294
Sum eigenkapital	46 579 972	48 913 263
<u>Langsiktig gjeld:</u>		
6 Etterdriftsfond Hesjedalen deponi	1 826 703	2 202 803
Langsiktig gjeld:	1 826 703	2 202 803
Leverandørgjeld	2 670 695	5 416 854
7 Avsett til AFP	131 282	175 065
Skattetrekk, mva, arb.gj.avgift og feriep.	1 859 889	880 213
8 Påløpte kostnader	934 097	115 766
Sum kortsiktig gjeld	5 595 963	6 587 898
Sum gjeld	7 422 666	8 790 701
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	54 002 638	57 703 963

Henrik Lunde, leiar	Turid Vallestad	Gerd Dvergsdal, nestleiar
Amund Soltveit	Erling Hjelle	Harald Kvame
Bjørn Harald Haugsvær	Aud Kari Steinsland	

Note 1 Finansielle anleggsmiddel

Finansielle anleggsmiddel	Kjøp /innskot	Avskrivning/sal
Finansielle anleggsmiddel 31.12.09	230 295	
derav Aksjar Rekom 53.297,-		
derav Aksjar Retura AS 102.000,-		102 000
derav Eigenkapitalinnskot i KLP 74.998,-	9 293	
Finansielle anleggsmiddel 31.12.10		137 588

Note 2 Maskiner og utstyr

Maskiner og utstyr	Kjøp	Avskrivning/sal
Maskiner og utstyr 31.12.09	10 088 676	
Avskrivningar, kompaktor. Innkjøp: 2.130.000		149 100
Avskrivningar, behaldarar 4.017.823		116 196
Avskrivningar, gjenbrukst. 1.795.650		89 460
Avskrivningar, miljøstasjonar : 421.405		19 292
Avskrivningar, gravemaskin. Innkjøp: 931.500		18 632
Gjenvinningsstasj Hyllestad 2006: 1.935.174,-		96 760
Gjenvinningsstasj Askvoll 2008: 2.312.274,-		126 380
Tomt Askvoll korr. til Egedom, reduksjon investering		322 117
Gjenvinningsstasjon Jølster 1.335.024,-	1 321 724	
Gjenvinningsstasjon Gaular: 2.388.261,-	2 388 262	
Containerar til gjenv stasjonar 2006: 550.000,-		50 064
Truck kjøpt 2003. Innkjøp 249.500,-		19 960
Deponigassanlegg, inv. 2004 .1.644.183,-		147 976
Fuchs sorteringsmaskin 2006: 1.295.000		129 500
Glascontainerar kjøpt 2006: 540.610,-		71 076
24 hyttecontainerar: 2007: 436.700,-		54 588
Varebil 2007: 230.990,-		28 872
Hjullastar kjøpt 2007: 1.256.485,-		125 648
Tana Shark, knusemaskin 2010: 2.690.362,-	2 690 362	269 036
Aktivering / avskrivning	6 400 348	1 834 657
Maskiner og utstyr 31.12.10		14 654 367

Note 3 Egedom og anlegg

Egedom og anlegg, sats 5 %	Kjøp	Avskrivning/sal
Egedom og anlegg 31.12.09	29 248 123	
Avskriv. Hesjedalen (tidl 15 år) Inv.: 51.723.725,-		1 274 451
Omlastingstasjon 2006: Innkjøp 6.299.095		314 956
Lagerplass metallskrap 2006: Kjøp: 610.009		30 500
Komposteringsanlegg 2009: 3.988.278,-	71 404	199 414
Renseanlegg sigevatn 2009 : 2.194.014,-	1 852 255	109 700
Gbnr 29/196 Skei i Jølster: 380 000,-	380 000	
Gbnr 30/51 Olsetvikane, Askvoll: 322 117,-	322 117	
Aktivering / avskrivning	2 625 776	1 929 021
Egedom og anlegg 31.12.10		29 944 878

Note 4 sjølvkostfond og fri eigenkapital, avsetjing og bruk.

Avsetjing til sjølvkostfond	Tidlegare avsett	Avsetjing/bruk 2010
Sjølvkostfond 31.12.09		
fordelt på sjølvkostfond abonnentar	4 266 599	
og fri eigenkapital	6 826 078	
Avsett totalt 2010		2 333 291
derav fond gebyrfinansierte tenester		-278 641
derav fond generert frå næring		2 611 933
Sjølvkostfond 31.12.10		3 987 958
Fri eigenkapital 31.12.10		9 438 011

Note 5 Anna egenkapital

Beløpet avspeglar det som var avskreve etter kommunale rekneskapsprinsipp (tilsvarer betalt gjeld) ved omlegging til rekneskapslova etter lov om IKS frå 2005.

Note 6 Avsett til etterdriftsfond

SUM er organisert etter lov om IKS. For å oppfylle

- a) Avfallsforskriften § 9.10 om finansiell garanti og kostnadsdekning og
 - b) Veileder for etterdriftsfond frå SFT
- må vi setje av rekneskapsmessig til etterdrift.

Vi vil behandle denne gjelda på same måte som vi anna gjeld kommunane våre garanterer for, og fører dette som langsiktig gjeld.

Det er i 2010 deponert 2.937 tonn avfall på SUMs deponi, avsetjing kr 128,- pr tonn.

Frå 1. April 2010 hadde SUM forbod mot deponering av organisk avfall. Dagens etterdriftsfond vert dermed avsett basert på rein masse (rein, i den forstand at han er fri for utslipp til luft og grunn). Det paradoksale med etterdriftsfondet er at det først vart vedteke og innført mot slutten av den perioden mesteparten av avfallet vart deponert.

Satsen er basert på ein rekneskapsmessig kalkyle for drift av reinseinstallasjonar og prøvetaking av sigevatn i 30 år.

Note 7 Avsett til AFP:

SUM har reservert seg mot KLP si ordning for AFP 62-64 år. Dette medfører at vi årlig set av eit beløp etter KLPs eige estimat (for 2010 lik 1,05 % av brutto lønskostnader).

Note 8 Påløpte kostnader.

Påløpt straum, pensjon , el installasjon.

Budsjett 2011

	Resultat 2010	Budsjett 2011	
INNTEKTER			*) Budsjettoppsettet er endra etter representantskapsmøtet, slik at det framkjem kor mykje kommunane sit att med av gebyra for slam og renovasjon. Renovasjonsinntekta er derfor auka med beløpet 1.200.000,-, motpostert i linja "Adm. Renov og slam eigarar" under kostnader. **) Slam er oppjustert på inntekts-og kostnadssida etter representantskapets budsjettmøte. Dette etter erfaring med slam frå det nye reinseanlegget i Førde Kommune. Budsjettert resultat ikkje endra.
Renovasjonsinntekt*)	-23 716 855	-23 900 000	
Inntekt slam**)	-5 643 413	-6 300 000	
Næringsavfall	-10 085 928	-10 000 000	
Leigeinntekt	-36 000	-36 000	
Sal til gjenvinning	-1 395 416	-1 200 000	
SUM INNTEKTER	-40 877 612	-41 436 000	
KOSTNADER			
Administrasjon	3 314 297	2 900 000	
Adm. renov og slam eigarar*)	1 180 549	1 200 000	
Drift avfallsplass	4 580 860	4 600 000	
Transport renovasjonsbil	8 845 146	9 000 000	
Energigjenvinning restavfall	3 475 879	3 750 000	
Transport til energigjenvinning	5 436 632	5 850 000	
Transport slam**)	3 826 731	4 600 000	
Transp/beh gjenvinningsstasjonar	1 732 100	1 700 000	
Drift gjenvinningsstasjonar	1 462 420	1 300 000	
Slutthandsamingsavgift	1 149 396	600 000	
Avsett til etterdrift	376 100	200 000	
Avskrivningar	3 447 581	4 100 000	
SUM KOSTNADER	38 827 691	39 800 000	
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-2 049 920	-1 636 000	
FINANS			
Renteinntekter	-262 879	-100 000	
Rente - og finansutgifter	16 315	200 000	
Utbytte	-36 807	-20 000	
SUM FINANS	-283 371	80 000	
NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 333 291	-1 556 000	

Kommentarar til budsjett 2011

Inntekter:

Renovasjonsgebyr. Inga auke i gebyrsatsen vedteke, men vi går ut frå ein vidare vekst i Førde.

Slam: gebyrinntekter pluss ein auke grunna det nye reinseanlegget i Førde.

Næringsinntekter: Inga større prisjusteringar, stabil tilgong næringsavfall.

Leigeinntekt. Liten post utfakturert SAR kvar måned for leige av plass til containerar på Einestølen.

Sal til gjenvinning: SUM har endra systemet for papir (innsamling ved RenoNorden, vidarehandsaming til papirgjenvinning av Veolia). Dette har gitt ein nettovinst der lågre betaling for papiret likevel gir nettogevinst i form av lågre transportkostnader.

Kostnader:

Administrasjon. Inga endringar planlagt utover normal inflasjon. Grunna planarbeid forut for utbyggingar var bokførte kostnader i 2010 ekstraordinært høge.

Drift avfallsplass. Som nemnt i rekneskapen gir auken i kompleksiteten i drifta vår ein auke i kostnadsbiletet både på mannskaps-, maskin- og anleggssida. Dette er til dømes gjenspegla i ein auke i dieselkostnaden på 75 % det siste året.

Transport renovasjonsbil. Ein liten auke i dunktalet samt inflasjonsjustering.

Energigjenvinning restavfall og Transport til energigjenvinning. Det vert uttransportert over 1.000 tonn avfall til energigjenvinning kvar måned.

Transport slam: Ordinær tømmerunde Førde, Askvoll og Naustdal samt containertipping frå større kommunale anlegg.

Transport/behandling gjenvinningsstasjonar. Budsjett er lik to års inflasjonsjustert beløp for 2009 minus papirtransport (Førde – Tenden i Stryn) som fell vekk sommaren 2010.

Drift gjenvinningsstasjon. Budsjettet skal dekke bemanning gjenvinningsstasjonar i Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster og Hyllesstad, i tillegg til kjøp/ reparasjon av containerar og anna driftsmateriell.

Slutthandsamingsavgift. Sett ned til dagens nivå; etter at forbod mot deponering av organisk vart innført ligg vi i overkant av 40.000 pr mnd.

Avsett til etterdrift. For 2010 vart det sett av 100 pr tonn deponert. Satsen er ein kraftig auke frå tidlegare år, men sett i lys av mange år utan avsetning er tanken å kompensere.

Avskrivningar.

Avskrivning av alt som låg i budsjettet for 2010 (3,5 mill) pluss nye gjenvinningsstasjonar i Gaular, Fjaler og Jølster(0,6 mill) gir 4,1 million.

Finans:

Inntektene kjem frå likviditeten, kvartalsvis vert kommunale innbetalingar plassert på høgrentekonto.

Vi får eit lite, årleg utbytte frå Rekom. Utgiftene består i gebyrer for banktenester og betalingsterminal.

Rentesatsen på SUMs høgrentekonto er ved utgangen av februar på 3,3 % effektiv rente.

Økonomiplan 2011-2014

Økonomiplanen har følgjande oppbygging:

1. Generelle rammevilkår
2. Investeringar og finansiering
3. Renter og avdrag
4. Driftsbudsjett 2011-2015

1. Generelle rammevilkår

Rammevilkår					
	2010	2011	2012	2013	2014
Lønsvækst	3 %				
Prisvækst	2 %				
Rentenivået på lån/innskot	3 %				
Avdragstida på lån	15 år				

Prisvækst: Transportprisane utgjer 60 % av kostnadene ved SUM, indeks for lastebiltransport nytta.

2. Investeringar

II . Investeringsbudsjett 2010-2015

Investeringsplanen lagt fram for representantskapet i budsjettmøtet på Einestølen 29. oktober 2010:

Investeringar (heile 1000 kroner)	2010	2011	2012	2013	2014	2015	SUM
Kjøp av containerar, supplering dunkar	400	200	300	600	600	600	2 700
Ny gjenvinningsstasjon Jølster	1500	500					2 000
Containerar tilpassa stasjon Jølster	500						500
Ny gjenvinningsstasjon Fjaler		2000					2 000
Containerar tilpassa stasjon Fjaler		500					500
Ny/justering gjenvinningsstasjon Gaular	1800	700					2 500
Containerar tilpassa stasjon Gaular	500						500
Sigevassrensing	2500						2 500
Maskin til knusing	2800						2 800
Resipientgransking i Førdefjorden	200	300					500
Mogleg behov for hjullastar nr 2		1100					1 100
Bygn.- og anl.messige justering vakta-matrom-kontor	500	300					800
Div bygn.messige justeringar		400	200				600
Under p-plass, utviding flate, "halvtekkje"		1800					1 800
Gjenvinningsstasjon, utviding og delvis overbygging			900	900			1 800
Betongplate/ "nett" v.metalltomt, for sortering/lasting		500					500
"Bensinstasjonstak" over vektsystemet			800				800
Oppgradering gassanlegg	200		1000				1 200
Sum investeringar	10 900	8 300	3 200	1 500	600	600	25 100

Kjøp av containerar.

Reparasjon og nykjøp av containerar skjer kontinuerlig, og vert normalt behandla over driftsbudsjettet.

Gjenvinningsstasjon Jølster, Fjaler og Gaular

Gjenvinningsstasjon i gaular vart opna desember 2010.

Jølster si nye gjenvinningsstasjon har planlagt opning mai 2011.

Fjaler Gjenvinningsstasjon vil stå ferdig innan utgangen av 2011.

Sigevassrensing .

Anlegg for reinsing av sigevatn frå SUMs deponi har vore i drift frå sommaren 2010. Anlegget er basert på enkle prinsipp der innpisking av luft (oksygen) gir påfølgande felling i slamtank.

Maskin til knusing.

Har vore i bruk sidan april 2010 for å male opp treverk til prosessen på SUMs nye komposteringsflate for slam. Brukast og til oppmaling av organisk avfall for å sikre rasjonell vekkøyring til energigjenvinning.

Resipientgransking i Førdefjorden. Føremål; Kontrollere at Førdefjorden ikkje vert ureina unødig. Vert gjennomført i løpet av 2011.

Mogleg behov for hjullastar nr 2: vert vurdert fortløpande.

Bygnings- og anleggsmessige justeringar v. vekta.

- Det er for trangt på Einestølen gjenvinningsstasjon, som må utvidast.
- Det er tungvindt for vektoperatøren å gå ut og inn for å informere / rettleie.

Under P-plass, utviding flate, "halvtekkje": mykje av det som vert klassifisert som farleg avfall er mest hensiktsmessig å samle opp til ein har eit fullt lass å sende til destruksjon. Dette er og avfall som er forbode å lagre ute grunna avrenning. Vi plundrer stadig meir for å få alt plassert korrekt fordi vi manglar tak. Dette er og argumentet for neste punkt på investeringsplanen, der vi planlegg å **utvide gjenvinningsstasjonen på Einestølen**, og å legge tak over ein del av denne.

Betongplate/ "nett" v.metalltomt, for sortering/lasting: I dag knuser vi grovavfall i omlastingsstasjonen. Bygget har høg belastning; det gir meirarbeid at ein ofte er nødt å la bilar med avfall til sortering tippe på toppen av det lasset som ligg klart til kverning. Sjølv om målingar av støvet ved drift av kvern i bygget syner at nivået er akseptabelt, er det likevel eit ynskje at operatørane skal slippe å arbeide i eit nesten lukka, støvete miljø der fleire store maskinar er i drift samstundes. Vi har planar om å løyse dette med å flytte kverning av grovavfallet til ein plass som er eigna nedafor metallskrapstomta. Der må støypast og tilretteleggast.

"Bensinstasjonstak" over vekta: Norsk vinter medfører at vekta vår er utsatt, mellom anna i form av "horisontalt telehiv", nedbør og frost vinter 2010 fører til at denne vert framskunda i planarbeidet.

Bygningsmessige justeringar, sjå kap 10**Revidert investeringsbudsjett:**

Investeringar (heile 1000 kroner)	2011	2012	2013	2014	2015	SUM
Kjøp av containerar, supplering dunkar	200	300	600	600	600	2 300
Ny gjenvinningsstasjon Jølster	1000					1 000
Containerar tilpassa stasjon Jølster	500					500
Ny gjenvinningsstasjon Fjaler	2000					2 000
Containerar tilpassa stasjon Fjaler	500					500
Resipientgransking i Førdefjorden	500					500
Mogleg behov for hjullastar nr 2	1100					1 100
Bygn.- og anl.messige justering vakta-matrom-kontor	800					800
Div bygn.messige justeringar	400	200				600
Under p-plass, utviding flate, "halvtekkje"	1800					1 800
Gjenvinningsstasjon, utviding og delvis overbygging		900	900			1 800
Betongplate/ "nett" v.metalltomt, for sortering/lasting	500					500
"Bensinstasjonstak" over vektsystemet	800					800
Oppgradering gassanlegg		1200				1 200
Sum investeringar	10 100	2 600	1 500	600	600	15 400

3. Finansiering, renter og avdrag.

SUM har inga lånegjeld ved inngangen av 2011.

Låneopptak vert aktuelt der nye investeringar ikkje kan løysast gjennom avsette midlar.

4. Driftsbudsjett 2010-2014

Kostnader aukar i tråd med rammevilkår kartlagt i tabell 1.

Ein del av dei bygningsmessige justeringane i investeringsplanen grenser opp mot vedlikehaldskostnader, og er i dette oppsettet tenkt finansiert ved bruk av avsette fondsmidlar.

I driftsbudsjettet under ser vi at med dei momenta vi har føreset vil vi – dersom rammevilkåra er dei same som dagens – kunne halde fram med dagens prisnivå på våre tenester i åra framover.

Tekst (tal i heile 1000)	Bud 2010	Rek2010	Bud2011	2012	2013	2014
Administrasjon	2 800	3 314	2 900	2 900	3 000	3 000
Adm renov/slam komm	1 100	1 181	1 200	1 200	1 300	1 300
Avfallsplass	4 100	4 581	4 600	4 800	4 800	4 900
Transport hushaldningsavfall	9 000	8 845	9 000	9 100	9 100	9 200
Energigjenvinning restavfall	3 200	3 476	3 750	3 800	3 800	3 800
Transport til energigjenvinning	5 000	5 437	5 850	6 000	6 000	6 000
Transport slam	3 700	3 826	4 600	4 600	4 600	4 600
Gjenvinning	3 300	3 194	3 000	3 000	3 116	3 242
Slutthandsamingsavgift	3 200	1 149	600	600	600	600
Avsett til etterdrift	200	376	200	200	200	200
Avskrivningar	3 535	3 448	4 100	4 100	4 200	4 200
Driftskostnad	39 135	38 827	39 800	40 300	40 716	41 042
Inntekter hushaldningar	-23 500	-23 717	-23 900	-23 900	-23 900	-23 900
Inntekter slam	-4 400	-5 643	-6 300	-6 300	-6 300	-6 300
Inntekter næringsavfall	-10 000	-10 086	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Gjenvinning	-1 000	-1 395	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Andre inntekter	-40	-36	-36	-36	-36	-36
Driftsinntekt	-38 940	-40 877	-41 436	-41 436	-41 436	-41 436
Brutto driftsresultat	195	-2 050	-1 636	-1 136	-720	-394
Renter	-210	-72	80	300	300	300
Netto driftsresultat	-15	-2 122	-1 556	-836	-420	-94
Avsetjing til fond	-15	-2 122	-1 556	-836	-420	-94
Bruk av fond, ombygging	0	0	3 000	1 200	900	0
Akumulerte fondsmidlar	-11 093	-13 215	-11 771	-11 407	-10 927	-11 021

Einestølen 18. februar 2011 Bodil Helene Øvretveit, økonomisjef SUM

Del III Revisjonsmelding



Dagleg leiar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
 terje.forde@kryssrevisjon.no
 postmottak@kryssrevisjon.no
 3705.08.27845
 987 608 064 MVA

Bank:
Org.-nr.:

Sunnfjord Miljøverk IKS
Einestølen

6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref. :
khs

Arkivkode :
216

Journalnr. :
52/2011

Dokumentdato:
04.03.2011

Mottatt Sunnfjord Miljøverk IKS Org.nr. 970 921 915 mva	
08 MARS 2011	
Jnr.	
Saksbehandlar:	<i>Quireveit - Grepstad</i>
Kopi:	
Kopi:	<i>Styret - Årsmelding</i>
Kopi:	

REVISJONSMELDING 2010 - Sunnfjord Miljøverk IKS.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnfjord Miljøverk IKS, som består av balanse pr. 31.12.2010, resultatrekneskap som syner eit brutto driftsresultat på kr 2.049.920,- og eit netto driftsresultat etter finansposter på kr 2.333.291,- for rekneskapsåret avslutta pr denne dato, og noteopplysningar.

Sunnfjord Miljøverk IKS sitt ansvar for årsrekneskapen

Sunnfjord Miljøverk IKS er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god bokføringsskikk, og for slik intern kontroll som Sunnfjord Miljøverk IKS finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneheld utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valgte handlingane avheng av revisors skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for Sunnfjord Miljøverk IKS si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av Sunnfjord Miljøverk IKS sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Regionskontor for kommunane:
 Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
 Tlf. 57 75 60 97
 E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
 Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
 Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
 E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
 Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
 Tlf. 57 78 85 47
 E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sunnfjord Miljøverk IKS pr 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god bokføringsskikk.

Uttale om øvrige forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Sunnfjord Miljøverk IKS sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Kommunerevisjonen
Førde, 4. mars 2011
Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde
Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I